



## Kulturplan Ålesund kommune 2025 - 2035 - orientering om arbeidet med planen og medverknad - kommunedelsutvala

**Dokumentinformasjon:**

Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth  
E-post: postmottak@alesund.kommune.no

Arkivsak: 24/5429  
Journalpost: 24/72084

**Behandling:**

Saksnummer:	Utval:	Dato:
024/24	Kommunedelsutvalet Ellingsøy	10.09.2024
033/24	Kommunedelsutvalet Hessa, Skarbøvik og Aspøy	23.09.2024
025/24	Kommunedelsutvalet Indre Borgund	24.09.2024
031/24	Kommunedelsutvalet Nørvøy, Nørvasund og Hatlane	23.09.2024
026/24	Kommunedelsutvalet Sandøy	26.09.2024
025/24	Kommunedelsutvalet Skodje	25.09.2024
026/24	Kommunedelsutvalet Spjelkavik, Åse og Lerstad	24.09.2024
025/24	Kommunedelsutvalet Ørskog	23.09.2024

### 026/24 - Kommunedelsutvalet Sandøy

**Vedtak:**

Sandøy kommunedelsutval tar saka til vitande.

Kommunedelsutvalet gir innspel til kulturplanen i møte tidleg i 2025 som skissert i tidslinja for medverknad.

Ann Elin Harnes blir foreslått som representant til referansegruppa frå Sandøy kommunedelsutval.

**Behandling:**

Forslag til representant, fellesforslag:, foreslått av ,

*Ann Elin Harnes blir foreslått som representant til referansegruppa frå Sandøy kommunedelsutval.*

**Votering:**

Innstillinga vart samråystes vedtatt.

Forslaget til Ann Elin Harnes vart samråystes vedtatt.

## **025/24 - Kommunedelsutvalet Skodje**

### **Vedtak:**

Skodje kommunedelsutval tar saka til orientering.

### **Behandling:**

Forslag, foreslått av Jan Ove Longvastøl, Arbeiderpartiet

Skodje kommunedelsutval tar saka til orientering.

### **Votering:**

Forslag sett fram av leiar Jan Ove Longvastøl vart enstemmig vedtatt.

## **025/24 - Kommunedelsutvalet Indre Borgund**

1. Indre Borgund kommunedelsutval tek saka til vitande.

2. Utvalet vil gi innspel til kulturplanen i møte tidleg i 2025 som skissert i tidslinja for kulturplanen, men vil likevel peike på følgjande allereie no:

- Det er viktig at kulturplanen blir forankra i kulturlova, biblioteklova og opplæringslova. Desse lovene slår fast kva oppgåver kommunen skal syte for.
- Kulturplanen bør stake ut kursen for korleis kommunen kan oppfylle sine plikter med omsyn til:
  - å syte for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemeld i kommunen (kulturlova § 4),
  - at folkebiblioteket kan utføre oppgåva med å fremje opplysning, utdanning og anna kulturell verksemeld, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medium gratis til disposisjon for alle som bur i landet (biblioteklova § 1),
  - at elevane er sikra tilgang til skolebibliotek (opplæringslova § 15-5), og
  - at barn og unge får eit tilbod om kulturskole organisert i tilknyting til skolen og kulturlivet (opplæringslova § 26-1).

3. Indre Borgund kommunedelsutvalg fremjar leiar Tore Hals som kandidat til medlem av referansegruppa for kulturplanen.

### **Behandling:**

Fellesforslag fremma av, foreslått av Ivar Østrem, Ålesundlista

Indre Borgund kommunedelsutvalg fremjar leiar Tore Hals som kandidat til medlem av referansegruppa for kulturplanen.

Forslag fremma av , foreslått av Tore Hals, Råd/utval

1. Indre Borgund kommunedelsutval tek saka til vitande.

2. Utvalet vil gi innspel til kulturplanen i møte tidleg i 2025 som skissert i tidslinja for kulturplanen, men vil likevel peike på følgjande allereie no:

- Det er viktig at kulturplanen blir forankra i kulturlova, biblioteklova og opplæringslova. Desse lovene slår fast kva oppgåver kommunen skal syte for.
- Kulturplanen bør stake ut kursen for korleis kommunen kan oppfylle sine plikter med omsyn til:
  - å syte for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemder i kommunen (kulturlova § 4),
  - at folkebiblioteket kan utføre oppgåva med å fremje opplysning, utdanning og anna kulturell verksemder, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medium gratis til disposisjon for alle som bur i landet (biblioteklova § 1),
  - at elevane er sikra tilgang til skolebibliotek (opplæringslova § 15-5), og
  - at barn og unge får eit tilbod om kulturskole organisert i tilknyting til skolen og kulturlivet (opplæringslova § 26-1).

**Votering:**

Forslaget frå Tore Hals samrøystes vedtatt.

Fellesforslaget fremja av Ivar Østrem samrøystes vedtatt.

**026/24 - Kommunedelsutvalet Spjelkavik, Åse og Lerstad**

**Vedtak:**

Kommunedelsutvala tek saka til vitande.

Kommunedelsutvala gir innspel til kulturplanen i møte tidleg i 2025 som skissert i tidslinja for medverknad.

Det vert utnemnd ein representant frå kommunedelsutvala til å sitte i referansegruppa til kulturplanen.

**Behandling:**

**Votering:**

Spjelkavik, Åse og Lerstad kommunedelsutval har ingen forslag til representant til referansegruppa.

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

**031/24 - Kommunedelsutvalet Nørvøy, Nørvasund og Hatlane**

**Vedtak:**

Nørvøy, Nørvasund og Hatlane kommunedelsutvalg (KDU2) tar saken til orientering. KDU2 nominerer Merete Wiik som kommunedelsutvalgenes representant i referansegruppen.

**Behandling:**

Forslag fremma av, foreslått av Kjell Sandli, Råd/utval

Nørvøy, Nørvasund og Hatlane kommunedelsutvalg (KDU2) tar saken til orientering. KDU2 nominerer Merete Wiik som kommunedelsutvalgenes representant i referansegruppen.

**Votering:**

Forslaget frå Kjell Sandli samrøystes vedtatt.

**025/24 - Kommunedelsutvalet Ørskog****Vedtak:**

Ørskog kommunedelsutval tar saka til vitande.

Kommunedelsutvalet gir innspel til kulturplanen i møte tidleg i 2025 som skissert i tidslinja for medverknad.

Stefan Leganger blir foreslått som representant til referansegruppa frå Ørskog kommunedelsutval.

**Behandling:**

Forslag til representant, fremma av, foreslått av Helene Børretzen Fjørtoft, Råd/utval

*Stefan Leganger blir foreslått som representant til referansegruppa frå Ørskog kommunedelsutval.*

**Votering:**

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

Forslaget til Helene Børretzen Fjørtoft vart samrøystes vedtatt.

**033/24 - Kommunedelsutvalet Hessa, Skarbøvik og Aspøy****Uttale frå kommunedelsutval Hessa, Skarbøvik og Aspøy:**

Kommunedelsutvala tek saka til vitande.

Kommunedelsutvala gir innspel til kulturplanen i møte tidleg i 2025 som skissert i tidslinja for medverknad.

Det vert utnemnd ein representant frå kommunedelsutvala til å sitte i referansegruppa til kulturplanen. Kommunedelsutval Hessa, Skarbøvik og Aspøy vil foreslå Børge Wiig til å sitte i referansegruppa til kulturplanen.

**Behandling:**

Namneforslag, foreslått av Kirsti Dale, Uavhengig

Kommunedelsutval Hessa, Skarbøvik og Aspøy vil foreslå Børge Wiig til å sitte i referansegruppa til kulturplanen.

**Votering:**

Kommunedirektøren si innstilling med namneforslaget frå Kirsti Dale vart enstemmig vedtatt.

**024/24 - Kommunedelsutvalet Ellingsøy**

**Vedtak:**

Ellingsøy kommunedelsutval tar saka til orientering.

**Behandling:**

Forslag fremma av, foreslått av Inger-Marie Sperre, Råd/utval

Ellingsøy kommunedelsutval tar saka til orientering.

**Votering:**

Forslaget frå møteleiar samråystes vedtatt.

**Kommunedirektøren si innstilling:**

Kommunedelsutvala tek saka til vitande.

Kommunedelsutvala gir innspel til kulturplanen i møte tidleg i 2025 som skissert i tidslinja for medverknad.

Det vert utnemnd ein representant frå kommunedelsutvala til å sitte i referansegruppa til kulturplanen.

**Saksgang:**

Det vert sendt likelydande orienteringssak til dei 8 kommunedelsutvala. Tilsvarande sak vert også handsama i alle medverknadsorgana, dvs. eldrerådet, ungdomsrådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

**Samandrag:**

Kommunedirektøren orienterer kommunedelsutvala om prosessen med utarbeiding av kulturplan. Kommunedelsutvala vert invitert til å bidra i planprosessen etter planen som er skissert i saka, der ein tidleg i 2025 legg opp til at kommunedelsutvala kan kome med innspel til kulturplanen. Denne saka er også ei kort orientering om planprogram og opplegg for medverknad frå det store kulturfeltet.

## **Saksopplysningar:**

Arbeidet med ein kulturplan for Ålesund kommune 2025 - 2035 vart vedteke starta opp i mai 24. Hovudutval for kultur og oppvekst vedtok 13.06.24 eit planprogram. Dette ligg ved saka. Planprogrammet seier noko om tidsplan for arbeidet, tema og innhald i planen og medverknad.

### Om planprogrammet

Innleiingsvis set kommunedirektøren kulturplanen inn i ein større samanheng, der dette planarbeidet er med på å nå mål og strategiar som er sett for kommunen si verksemد i kommuneplanen sin samfunnsdel. Vidare i kapittel 2 og 3 set ein rammene for planarbeidet. Det overordna innhaldet i planen vert vist i kapittel 4. Planen er eit politisk dokument som skal innehalde verkemiddel/tiltak. Arbeidet skal vere kunnskapsbasert og ein skal arbeide med planen i samhandling med aktørane i feltet. Kapittel 5 avgrensar tema i planen og viser aktørane kva ein kan forvente at planen handlar om. Planen er eit styringsdokument for Ålesund kommune. Kapittel 6 viser tydeleg kva aktørar som er sentrale i utarbeiding av planen, både administrativt og politisk. Kommunedirektøren legg vekt på samhandling internt i kommuneadministrasjonen mellom relevante verksemder. Kapittel 9 viser samhandling mellom ulike planar og strategiar i Ålesund kommune

### Medverknad i planarbeidet

Arbeidet med kulturplanen konsentrerer seg no omkring kapittel 7, medverknad, og kapittel 8, tidsplan, i planprogrammet. Dette i tillegg til å strukturere den kunnskapen vi har om kultur i Ålesund i dag. Medverknadsprosessen vil også skape ny kunnskap frå aktørane i feltet.

Det er avgjerande for planarbeidet at medverknadsprosessane vert godt og grundig planlagt slik at kulturfeltet får kome med sin kunnskap om kulturlivet i Ålesund og at ein avdekker behov og moglegheiter for utvikling. Det er også viktig for planarbeidet at kommunen tydeleg signaliserer kva felt kulturplanen vil omhandle, kva føremålet med planen er og forventningar til og mellom aktørane i kulturfeltet.

Det er ca. 550 registrerte lag og organisasjoner i Ålesund med eit føremål som er dekka av kulturplanen. Alle desse kan ikkje nemnast i eit opplegg for medverknad, men ein open medverknadsprosess gjennom fleire planfasar vil sikre at alle kan delta. Men kommunen er avhengig av at organisasjonane sjølv er proaktive og inviterer seg sjølv med. Dette skjer gjennom å melde seg på møter og å sende innspel til høyringsprosessane. Kommunen vil bruke alle tilgjengelege informasjonskanalar for å informere om prosessen.

Det er også viktig at dei formelle organa i Ålesund kommune vert involvert i prosessen. Dette gjeld både medverknadsorgana; eldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsrådet samt kommunedelsutvala.

Kommunedelsutvala vert invitert til å stille med ein representant til referansegruppa for kulturplanen. Det vert overlatt til kommunedelsutvala å finne ein felles representant.

### Tidslinje for medverknad

Det er laga ei tidslinje som viser planlagt involvering. Denne ligg ved. Hovudtidslinje i arbeidet (nr 1), som går frå vedtak om oppstart 15.05.24 til eit antatt vedtak av plan i september 25.

Tidsplan nr. 2 viser kva politisk organ som er involvert i planarbeidet til ei kvar tidspunkt.

Tidsplan nr. 3 viser i kva deler av planarbeidet aktørane ute i kommunen vert involvert i

planarbeidet. Her ser vi at hovudtyngda av medverknadsarbeid går føre seg frå oktober til februar.

For kommunedelsutvala så viser tidslinja at kommunedirektøren orienterer om oppstart i september. Om kommunedelsutvala ønskjer det kan ein organisere eit innspelsmøte tidleg i 25 og ein kan orientere om framlegg til plan før det vert sendt på høyring.

**Vurderingar:**

Kommunedirektøren orienterer om planarbeidet der ein ønskjer å involvere råda. Det vert lagt fram eit forslag til korleis involvering vil skje, her kan det ulike rådet kome med innspel til korleis ein ønskjer å bli involvert.

**Økonomiske / juridiske / andre driftsmessige og organisatoriske konsekvensar:**

Arbeidet med kulturplan vert dekka innan kommunalområdet sine ressursar.

**Konklusjon med grunngiving:**

Kommunedelsutvala er orientert om saksgangen i utarbeiding av kulturplanen og kommunedirektøren inviterer kommunedelsutvala til å delta i planprosessen etter nærmare avklaringar.

Jon Steven Hasseldal  
kommunedirektør